

negativ. Det er brukt med 5 % iblanding i kveitekli utrørt i vatn til det er lett strøbart. Av blandingen er brukt 3,5 kg pr. dekar utstrødd like før plantinga og hakka svakt ned i jorda. Papir omvikla rothal sen — kremarhus — er prøvd. Enkelte år har det verka bra, andre år ikke. Dette kan vel koma av at det er brukt for dårleg papir, som lett bløytnar i våt jord og dermed ikke yter nokon motstand mot larvegnaget. Arbeidet med papir seinkar plantingsarbeidet i høg grad. Elles er det av stor vikt å få kraftige planter, med gode røter, og det får ein ved prikling; dessutan må ein planten grunn, då vil larvene ikke få så stor makt. Kjem planterne for djupt vil larva lett ta dei mijukare delar, sjølve vekstknuten, og det vil då verta mange små hovud på planten.

#### Rådgjelder mot kålfuge.

Tjæreappskiver lagt omkring plantene like etter utplanting har ikke vore heldig. Vind vil her hjå oss vera årsak til stadig gnag mot kanten av skiva så planten vert øydelagd.

Rør eller ringar av naftalin har heller ikke vore til hjelp. Skivene vil lett koma i ulage under ugrasreinsking og jordarbeidning.

Vatning med 1/10 % sublimatoppløysing har vist bra verknad. Det er vatna ein gong like etter utplanting; det bør helst vatnast eit par gonger med ei vekes mellomrom. Sublimat er farleg gift og ein får det berre mot resept på apotek. Andre midler er greiare å handsame, f. eks. Kerol har vist bra verknad.

I alle høve bør jorda vera godt grøfta, dårleg grøfta jord vil ikke berre gi insekta betre vilkår for åtak, men også vera ei hindring for at kulturvekstene elles kjem til god utvikling.

Andre kålevkster som blomkål og grønkål går også bra på myrjord, men dei er også utsett for same insektåtak som hovudkålen.

I samband hermed skal nemnast at av rotvekster er kålrot så mykje utsett for kålfuga at dyrking av denne på myrjord ikke kan tilrådast.

## NYE BRENNTORVBROSJYRER

I fjor utarbeidet myrselskapets torvtekniske konsulent, ingeniør A. O. D. O. R. D. I. N. G., en brosjyre om «Brenntorv og brenntorvtilvirking». Brosjyren kan fås gratis tilsendt av alle som henvender seg til Det norske myrselskap, adr. Rosenkrantzgt. 8, Oslo.

Også i Sverige utkom en ny brenntorvbrosjyre i fjor. Den er utarbeidet under redaksjon av Statens torvingeniør E. Wallgren. Brosjyren heter «Om bränntorvberedning med handredskap» og er utgitt av Statens bränslekommission, Stockholm.